## Bruksendring på Sanden

08.06.2013

**Willy Holgersen har søkt om bruksendring av andre høgda i eit lagerbygg til fritidsbustad, Lagerbygget ligg på Sanden innanfor reguleringsplanen for Uskedalen sentrum frå 1987 og er der nevnt som forretnings- og kontorlokale**
**I vedtektene er det gjeve**
**rom for noko areal til bustad eller lokaler til mindre verksemd.**

Holgersen har opplyst at loftsarealet allereie er innreia og brukt til feriebustad, Kommunen har peika på at dette er ulovleg og at bruken må opphøyre straks,

Utleige til feriebustad vil stetta reguleringsplanen. Bruk til eige privat fritidshus er ikkje i tråd med planen og må i så fall handsamast som dispensasjon, påpeikar saksbehandlar Jon Harald Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen